



Uskedal skulemusikk får 30.000 frå Kvinnherad Energi

**Kvinnherad Energi har delt ut idretts- og kulturtilskot for 2018. Til saman delte dei ut 200.000 kr til gode tiltak innan det frivillige lags- og organisasjonslivet. 40.000 av desse kronene vart tildelt Uskedal skulemusikk og Uskedal idrettslag.**

Skulemusikken vart tildelt 30.000 kr til kjøp av nye instrument, og det var den største einskildtildelinga saman med stønaden på same sum som vart gjeven til oppgradering av ballbingen i RIF-parken i Rosendal. Uskedal idrettslag fekk 10.000 kr til deltaking i Norway Cup. Dei 200.000 kronene vart fordelt til 13 gode tiltak spreidd rundt i kommunen. Det vert meldt om mange svært gode søknader.

De finn heile lista over tildeningane [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Knut J. Ripel